



Kari Oddbjørg Tveit Bernales  
Vestbygdvegen 293  
5919 Frekhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/3391 - 23/4919

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
18.01.2023

## **Registrert lekkasje i slamavskiljar - krav om retting av avvik - gbnr 311/33 Tveit øvre**

**Tiltak:** Lekkasje frå slamavskiljar  
**Byggjestad:** GBNR: 311/33  
**Tiltakshavar:** Kari Bernales

Alver kommune har den 21.04.2022 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 05.11.2021 vart registrert lågt nivå i alle 3 kammer i septiktanken på eigedommen med adresse Vestbygdvegen 293. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

### **Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 01.06.2023.**

I følgje kommunen sine opplysningar har eigedommen avlaupsløysing med septiktank og spreining til terreng. Denne avlaupsløysinga er ikkje tilfredsstillande ut frå dagens standard.

Ved lekkasje frå alle 3 kammer, vil det ikkje være ei godkjent løysing å reparere betong kummane du har i dag. Frå naboeigedommen, gbnr 311/10, er det lagt privat avløpsleidning som er tilkoppa kommunalt anlegg.

Godkjente løysingar for dykkar eigedom vil være:

- Tilkopling til privat avløp dersom det er kapasitet til dette.
- Installere godkjent minireinseanlegg.

For å prosjektere eit nytt avløpsanlegg for eigedommen dykkar, må de ta kontakt med eit godkjent rørleggarføretak som kan prosjektere ny avløpsløyseing og sende inn nødvendige søknader til kommunen.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finns andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

**Aktuelt regelverk:**

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kari Oddbjørg Tveit Bernales

Vestbygdvegen 293

5919

Frekhaug